



Kommuneplan for Kvam herad 2015-2030

Samfunnsdelen

*Oppretta i samsvar med
HST-vedtak 064/15,
den 06.10.2015*



Kommuneplanens samfunnsdel 2015 – 2030

FORORD

Sitjande heradsstyre gjorde i 2012 vedtak om revisjon av kommunale planar, og herav kommuneplanens samfunnsdel der forrige revisjon var frå 2003.

Kommuneplanen med samfunns- og arealdel er den overordna og viktigaste strategiske planen for heilskapleg utvikling av heradet, for samordning av oppgåveløysingar og det å ha fokus på utfordringane.

Eg er glad for at sitjande heradsstyre i inneverande periode har fått utarbeidd og levert vedtak på Kommuneplan for Kvam herad 2015 – 2030 sin samfunnsdel, og dokumentet gjev godt grunnlag for vidare utvikling av Kvam herad.

Planen viderefører og tema frå forrige periode, samt tar inn nye tema i tråd med nasjonale føringar.

- **Folkehelse** og **bærekraftige utvikling** er grunnleggjande tema,
- **Stadutvikling** og **infrastruktur** er eit viktig hovudmål,
- **Verdiskaping, bustad** og **livskvalitet** er viktige fokusområde.

Planen med samfunnsdel og påfylgjande arealdel som er forventa ferdig i 2016, er eit stort arbeid som er blitt til gjennom ein lang prosess med brei involvering. Det er viktig at denne no vert teken i aktiv bruk for å gi overordna retningslinjer og styringssignal til administrativt og politisk arbeid i åra som kjem.

Takk til alle som har bidratt til ein god plan, og lukke til med vidare utvikling av framtidens Kvam.

Norheimsund 10. september 2015.

Asbjørn Tolo

Ordfører

FRAMTIDA ER HER

INNLEIING

Kommuneplanen sin samfunnsdel er heimla i plan- og bygningslova §§ 11-2 og 11-1, og prosessen fram til enedeleg vedtak er gjennomført i samsvar med plan- og bygningslova. Innbyggjarar, næringsliv, lag, organisasjonar og andre har vore invitert til å koma med innspel og merknader til planen.

Planen byggjer på kommunen sin eigen planstrategi og planprogram, samstundes som den er forankra i nasjonale og regionale føringar for det kommunale planarbeidet

Kommuneplanen sin samfunnsdel er det viktigaste dokumentet for kommunen si utvikling og styring fram mot 2030. Planen viser korleis kommunen kan realisera sine moglegheiter for å skapa ei positiv utvikling i kommunen.

Kommuneplanen er ein plan for heile kvammasamfunnet, og ikkje berre for organsiasjonen Kvam herad og kommunen sin tenesteproduksjon.

I Kvam er det forventa ein befolkningsvekst i planperioden. Planen tek opp i seg denne veksten og skal styra utviklinga i ei berekraftig retning. I planen kallar me våre målsetjingar for; "slik vil me ha det" og våre strategiar for å nå måla; "slik gjer me det".

Kommunen sin visjon er at me skal; «Skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future»

Kommuneplanen set langsiktige mål og strategiar for heile Kvammasamfunnet, Kvam herad sin tenesteproduksjon og kommunen som organisasjon. For å få dette til er fylgjande hovudstrategiar valt i planperioden: «stadutvikling», «infrastruktur», «verdiskaping» og «livskvalitet».

Kommuneplanen sin samfunnsdel er styrande for arealforvaltninga og arealutnyttinga i kommuneplanen sin arealdel. Arealdelen er under arbeid og vil verta lagt fram seinare.

Bileta i planen er tekne av:

Angunn Timenes Bell ,Borghild Storaas Ones, Bjørn Johansen, Frithjof Fosse, Jon Nedkvitne
Knut Markhus, Lars Arvid Oma, Lauritz Eide og Trond Inge Brakestad

INNHALDSLISTE

FORORD

INNLEIING

1.0 GRUNNLEGGJANDE FØRINGAR.....	1
2.0 HOVUDUTFORDRINGAR.....	4
3.0 VISJON OG HOVUDMÅL	9
4.0 HOVUDSTRATEGIAR.....	12
STADUTVIKLING	12
KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR.....	22
VERDISKAPING GJENNOM SAMARBEID.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
LIVSKVALITET	31
5.0 AREALSTRATEGIAR	- 35 -
6.0 VIKTIGE PLANAR OG DOKUMENT FOR KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL	

1.0. GRUNNLEGGJANDE FØRINGAR

Grunnleggjande føresetnader for å nå samfunnsmåla i kommunen, er **folkehelse** og **berekraftig utvikling**. For kommuneorganisasjonen er **lokaldemokrati** og **etikk** dei viktigaste føresetnadane.

einskildmenneske, er med og bidreg til ei god folkehelse i Kvam. Frå vogge til grav skal me ta vare på heile mennesket gjennom tverrfagleg og tverretatleg samarbeid for å redusera sosiale skilnadar i helse.

Planleggjinga og tenestetilbod skal leggja til rette for at innbyggjarane på ein enkel måte kan gjera val som er tenlege for eiga helse. Ved «å løfta alle litt» får me ei betre samla folkehelse.



Brei folkehelseplanlegging - "Helse i alt me gjer"

Kommuneplanen skal leggja til rette for å skapa god helse og trivsel for kvenningane gjennom direkte og indirekte påverknad heile livet. Mange

faktorar, både positive og negative, innan ulike tenesteområde i kommunen påverkar helse.

Kommunen, saman med andre offentlege verksemdar, arbeidslivet (både offentleg og privat), frivillig sektor og kvart

Berekraftig utvikling

Berekraftig utvikling er ei utvikling som dekkjer behova i dag utan å øydeleggja behova til dei komande generasjonane. Kommunen som tenesteytar, forvaltningsmyndigheit og samfunnsutviklar skal arbeida for reduksjon av det samla forbruket av ikkje fornybare ressursar. Me skal sikra at fornybare ressursar vert forvalta på ein forsvarleg måte. Kommunen skal ha fokus på førebyggjing og leggja til grunn førevar-

prinsippet, i sine handlingar og vedtak. Tenestene skal utformast, og økonomien vår skal forvaltast, slik at ikkje neste generasjon får større utfordringar enn i dag. Berekraftig utvikling skal leggjast til grunn og vera ein vesentleg faktor når kommunen gjer sine val. Avgjerder som påverkar den økologiske, økonomiske og sosiale berekrafta skal vurderast og konsekvensar for framtida skal synleggjerast. For å få til ei berekraftig samfunnsutvikling må alle delta for å få til små og store endringar.

Klima- og klimatilpassing

FN sitt klimapanel reknar det som sannsynleg (meir enn 90% sannsynleg) at klimaendringane dei siste 50 åra skuldast menneskeskapte utslepp og klimagassar. Temperaturen kan truleg stige med om lag to grader innafor det komande hundreåret. Våte område vert våtare enn dei er i dag, og tørre område vert tørrare enn dei er i dag. Havnivået vil stiga som fylgje av temperaturauken, og klimaendringane vil føre til meir ekstremvær. For å hindra ytterlegare

skadeverknader må utsleppa reduserast og klimatilpassingar må gjennomførast. Føremålet i planen er at kommunen skal verta eit førebilete lokalt i arbeidet med å redusera klimagassutslepp, gjennom eit heilskapleg og langsiktig perspektiv.

Hausten 2014 har vist at ekstremvær kan vera ei stor utfordring for kommunane på Vestlandet, i høve til både flaum, erosjon og jord- og steinras.

Klimautfordringane vil truleg berre auka dei næraste tiåra. Heile samfunnsplanleggjinga for framtida må ta med seg dette som ein viktig premissleverandør. Konsekvensane av forventa klimaendringar er tatt inn som ein del av kommunen sin overordna risiko og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). Kvam herad, i lag med andre viktige samfunnsaktørar, er godt i gang med å få på plass den overordna ROS-analysen, slik at me kan vera førebudde på framtida. Samstundes vert det i kommuneplanen sin arealdel også gjennomført ein eigen ROS-analyse for alle nye areal. Naudsynte tiltak i plankart, føresegner og retningslinjer vil verta innarbeidd, for å



unngå bygging og ferdsle i rasfarlege og flaumutsette område.

Samfunnstryggleik og beredskap

Kvam som eit trygt lokalsamfunn må planleggjast. Samfunnstryggleik handlar mellom anna om å førebyggja mot klimaendringar, naturkatastrofar, radioaktivitet og transporttryggleik. Kvam som ein robust kommune skal vera i stand til å skapa eit trygt og godt miljø og ha beredskap til å møte kriser effektivt. Eit trygt lokalsamfunn føreset at me kjenner risikofaktorane for liv, miljø, verdiar og evnar å førebyggja uønskte hendingar og redusera skadeverknadane av dei dersom dei hender.

Kommuneorganisasjonen har åleine eller i lag med andre ansvar for samfunnstryggleik og beredskap i lokalsamfunnet. Systematisk arbeid med risiko- og sårbarheitsanalyser og beredskapsplanar er nødvendig for å kunne ivareta dette ansvaret. Ved planleggjing av infrastruktur, busetnad og viktige samfunnsfunksjonar er det nødvendig å vurdere tryggleik og beredskap i samheng med lokalisering, utforming og utrusting.

Lokaldemokrati

Kvam herad skal leggja til rette for ei brei deltaking i viktige avgjerder som vert fatta på lokalt nivå. Me skal leggja vekt på å oppnå ein positiv dialog mellom innbyggjarar, tilsette og folkevalde. Informasjon om pågåande prosessar skal vera lette å finna fram i og moglegheit for medverknad skal opplevast som både involverande og inkluderande. Kvam

herad sine prosessar skal være opne, dokumenterte og sporbare. Kommunale

prosessar skal tilpassast dei som krev spesiell tilrettelegging, som t.d. menneske med nedsett funksjonsevne, born og flyktingar.



Etikk og samfunnsansvar

Arbeidet til dei tilsette i Kvam herad skal vera i samsvar med lover, reglar, politiske vedtak og kommunen sine verdiar, i tillegg til kommunen sine sjølvforpliktande service-erklæringar og kvalitetsstandardar. Det vil seia at det er ei rekkje omsyn ein tilsett skal ta når ein står overfor problemstillingar. Mange problemstillingar har ikkje «fasitsvar», og er vanskeleg å laga retningsliner eller regelverk for. Det er viktig at kommunen opptreer opent, ærleg og profesjonelt og kan forklara sine val slik at me kan oppnå ei tillitsskapande forvaltning. Kommunen sitt verdigrunnlag og vedtekne etiske retningsliner skal leggjast til grunn ved våre val og prioriteringar.

Kvam herad og kommunen sine selskap må gjennom handling visa at me tek sosiale- og miljømessige utfordringar på alvor. På denne måten kan kommunen oppnå tillit og verta ein truverdige


påverknadssaktør for privatpersonar, frivillige- og ideelle organisasjonar og verksemdar i kommunen.

Eit felles samfunnsansvar er viktig for å skapa eit godt samfunn og for å løysa samfunnsmessige utfordringar. Inkluderande haldningar fremmar livskvalitet for den enkelte og skaper positiv utvikling av samfunnet.

2.0 HOVUDUTFORDRINGAR


Kommunen sin demografiske profil

Kvam herad har igjennom slutten på 1990-talet og fram til byrjinga av 2000-talet opplevd nedgang i folketalet. Frå 2008 og fram til i 2014 har dette snudd, og kommunen har opplevd ein folketalsauke



fram til og med 2014. I 2015 var det registrert ein liten nedgang i folketalet. Folketalsprognosane for dei komande 10-åra er også positive, men utviklinga vil vera avhengig av konjunktursvingingar. Det er forventa ein vekst framover mot 2030 på om lag 1 500 nye innbyggjarar. Veksten er primært basert på tilflytting, men også eit forventa fødselsoverskot om prognosane slår til. Tilflyttinga er i stor grad basert på flytting frå utlandet, slik at me kan verta eit endå meir multikulturelt samfunn i framtida, enn me er i dag. I

dag er om lag 10% av kommunen sine innbyggjarar tilflyttarar frå utlandet.



Unge vaksne (20 år-24 år) er underrepresentert i Kvam samanlikna med landet elles. Kommunen har eit relativt stort kvinneunderskot i aldersgruppa i 20 – 40 år. Snittalderen på kvinnene i Kvam er også ein god del høgare enn på mennene. Den samla snittalderen på befolkninga er aukande, i dag er den på om lag 42 år. I kystkommunane i Hordaland er snittet på om lag 36 år.

Utvikling av arbeidsplassar i Kvam

Talet på arbeidsplassar i kommunen går ned, sjølv om folketalet har auka dei seinaste åra. Kommunen kompenserer for færre arbeidsplassar, med å vera ein del av ein større arbeidsmarknad, spesielt gjeld dette Bergen og omegn, samt Nordsjøen og oljenæringa. Av dei som pendlar, så er det fleire menn enn kvinner, og talet er aukande blant mennene. Pendlarane til Bergen og nærområdet omkring, har høgare utdanning enn dei som ikkje pendlar. Dette kan tyda på mangel på attraktive arbeidsplassar for dei med høgare utdanning internt i Kvam, og er med på å understreka kommunen sine kvalitetar som ein attraktiv bukommune. Kvalitetar som kommuneplanen skal handtera og foredla vidare i planperioden.

Årsaka til nedgangen på arbeidsplassar er det som Telemarksforskning har peika på som «ein uheldig næringsstruktur, med store delar av i næringslivet i bransjar med nedgang». I fylgje Telemarksforskning sin rapport ligg potensialet for forbetring, i nyetablering og vekst. Kommunedelplan for næring og kompetanse i Kvam, 2015-2023 peikar på moglegheiter for vekst og opplevingar igjennom samarbeid på tvers i mellom menneske, imellom verksemder, imellom bransjar og i mellom bygder. I Kvam skal me styrkja det etablerte og utvikla det særleine. Me skal skapa vilje og gnist for kreative og framtidsretta næringar. Me skal byggja kompetanse som skapar talent og utnyttar teknologi. Me skal vidareutvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter. Me skal skapa opplevingar og ei innhaldsrik fritid. Denne skal vera grunnlaget for fleire lokale arbeidsplassar, slik at kommunen i planperioden kan oppleve vekst både i talet på arbeidsplassar og nye kvemningar.



Kommunen si tilpassingskraft og evne til å utvikla seg

Kommunane spelar ei viktig rolle som lokaldemokratisk arena, tenesteytar, lovforvaltar og samfunnsutviklar. Dagens offentlege oppgåveansvar er resultat av utviklingsprosessar som har virka over lang tid. Samfunnsmessige drivkrefter skapar behov, og kan hjelpa til å fjerna behov. Den demografiske utviklinga fører til auka behov for offentlege velferdstenester i tiåra framover, og dette vil igjen bety eit aukande inndekningsbehov i offentlege finansar. Høg yrkesdeltaking, auka arbeidsinnsats og auka produktivitet vil vera nødvendig for å oppretthalda gode velferdsordningar.

Det er i kommunen mykje av velferdstenestene blir skapt, og det er her mange av utfordringane knytte til demografi og ei aldrende befolkning må handterast. Det er forventa vekst i behovet for kommunale tenester framover. Folkeauken vil fortsetja, samtidig som etterkrigsgenerasjonen når pensjonsalderen. Det vil også bli fleire barn i barnehage- og skulealder dei nærmaste åra. Aukande privat kjøpekraft vil føra til at forventningane til innbyggjarane til kvaliteten og omfanget på det kommunale tenestetilbodet vil auka. Endringane i befolkningsamansetjing vil for alvor byrja å gjera seg gjeldande frå 2020, med ein sterk vekst i dei eldre aldersgruppene. Etterspørselen etter omsorgstenester vil auka markant utover i hundreåret.

Auka utgifter til folketrygda og forventa reduserte oljeinntekter, vil kunne snevra inn handlingsrommet i den statlege budsjettpolitikken. Kombinasjonen av redusert handlingsrom i budsjettpolitikken

og ei aldrande befolkning, vil kunne stilla kommunane overfor ei rekkje utfordringar. Uvissa i internasjonal økonomi vil også kunne påverka norsk økonomi. Lokaldemokratiet står sterkt i Noreg. Eit levande lokaldemokrati krev at samspelet mellom kommunen og innbyggjarane fungerer godt.

Kommunestyre som er representative og som speglar innbyggjarane vil sannsynlegvis vareta behova til innbyggjarane best. Kvinner, unge og eldre er underrepresenterte i mange kommunestyre. Norske lokalpolitikarar har generelt høg tillit, og det er stor grad av trivsel med tenestene i dei fleste kommunane. Innbyggjarane er likevel ikkje alltid like tilfredse med korleis kommunane informerer om korleis ressursane blir brukte. Forsking indikerer også at innbyggjarane ikkje er tilfredse med moglegheitene til å påverka kommunane. Kommunane kan bli betre til å trekkja innbyggjarane med i avgjerdsprosessar. Kommunen har eit grunnleggjande todelt ansvar; eit statleg definert sektoransvar for å yta tenester til innbyggjarane og eit territorialt ansvar for å hjelpa til lokal og regional utvikling. Ein kommune er dermed konstruert for, og har legitimitet til, å utøva ei rolla som ligg utanfor dei lovpålagde tenestene.

Den framtidige legitimiteten til kommunen vil difor kunne vera avhengig av at både tenestene er tilpassa innbyggjarane, at kommunen utfører lokale utviklingsoppgåver og at den representerer eit lokalt nivå for påverknad. Endringar i befolkningsmansetjing, innbyggjartal, ressursituasjon og forventingane til innbyggjarane stiller krav til utvikling og

fornyng i kommunane. For å kunne tilby gode tenester til innbyggjarane også i framtida, må det derfor utviklast måtar å utføra tenester på der dei tilsette sin ressursar blir brukte på ein best mogeleg måte.

Innovasjon er eit viktig verkemiddel for å vidareutvikla og tilpassa kommunane sitt tenestetilbod og organisering for framtida. Regjeringa la i 2013 fram ein strategi for innovasjon i kommunesektoren. Målet er å hjelpa til å fremja ein innovasjonskultur og motivera til innovasjonsarbeid i kommunesektoren.

Ein god kommune å bu og leve i skal ikkje berre ha gode tenester, men også ha gode og serviceinnstilte medarbeidarar som til ei kvar tid er tilstades til det beste for kommunen og innbyggjarane. Dette må i framtida liggja i ryggmargen til Kvam herad sine tilsette.

Fritidssamfunnet

Mange i Kvam og elles i landet har i dag ei god inntekt, meir fleksibel arbeidstid enn tidlegare, meir tilgjengeleg fritid og driv



med fleire ulike typar fritidsaktivitetar. Fritida vert ofte nytta til "det gode livet", med fritidsaktivitetar både sommar og vinter, anten ved fjorden eller i fjellet.

Det har vorte færre som driv dei tradisjonelle friluftaktivitetane som bær- og soppturar, og fleire som driv med aktivitetar som krev tilrettelegging og bruk av meir utstyr. Friluftslivet er i dag også meir retta mot ekstreme former for friluftsliv, der grensene verta utfordra både på kroppen og på utstyret. Uansett

badestrender midt i sentrum, småbåthamner og andre arenaer som trekkjer til seg folk. Skiløypene på Kvamskogen, på Sjusete og i Strandebarm (Grønningsløypa) er viktige for folk busett i Kvam, hytteigarar og andre tilreisande gjester. Det same er dei tilrettelagde turløypene og stiane som etter kvart finst i



aktivitet, folk som driv med ulike friluft- og fritidsaktivitetar er som oftast i fysisk aktivitet som bidreg positivt i høve til folkehelsa. Kvam herad med sin varierte natur, med fjorden, med fjellet, og med Kvamskogen, og plasseringa i høve til Bergen, gjer sitt til at kommunen er både godt egna, attraktiv og tilgjengeleg for folk som søkjer fritidsopplevingar utanom byen. Fjorden er godt egna til aktiv fritid, fjellet er godt egna til aktiv fritid, og kombinasjonen kan utnyttast ytterlegare. Tettstadane arbeider for å tilpassa seg ei meir aktiv fritid, med attraktive

store delar av kommunen. Etter at Kvam herad vart medlem av Bergen og omland friluftsråd, har også fleire område langs med sjøen vorte meir tilgjengelege og betre tilrettelagt. Langs med sjøen har det også komme fleire småbåthamner som legg til rette for auka aktivitet på sjøen. Strandsonen vår er i det heile ein viktig ressurs, som er under press i frå fritidssamfunnet, men også representerer ein god moglegheit for auka fritidsaktivitet og utnytting. Kommunen si kartlegging av den funksjonelle strandsona, og

tilhøyrande arealstrategiar er svært viktige i denne planperioden.

Kommunen er godt dekkja med relativt gode idrettsanlegg i heile kommeunen. Dette gjeld både idrettshallar og idrettsplassar. Anlegga legg til rette for fysisk aktivitet både for gammal og ung, og representerer eit mangfald som me vil styrka inn i denne planperioden.

Kvamskogen er av dei stadane i Hordaland som vert mest nytta av folk i frå Bergen og omegn i fritida. Det gjeld dei som er på hyttene, dei som elles nyttar Kvamskogen



til dagsturar på ski, fotturar, fiske mm. Utviklinga på Kvamskogen krev at det for framtida vert lagt til rette for eit godt samarbeid mellom alle som er på, og brukar dette området. Med denne bakgrunnen er det utarbeidd ein eigen kommunedelplan for Kvamskogen, vedtatt den 06.09.2011

Kultur- og idrettsopplevingar er også ein del av det aktive fritidssamfunnet, som me finn i Kvam. I kommunen har me både trebåtfestival, ciderfestival og musikkfestivalar som Hardingtonar, Bygdalarm og Ålvikrock, Fosse- og Kinckdagane. I Kvam har me og Hardanger fartøyvernssenter, Kabuso, Steinsdalsfossen, Messen, idrettsplassen i Strandebarm, Skårsvatnet, alle viktige element i fritidssamfunnet i Kvam

I Kvam og elles i landet har aktivitetsnæringar som underholdning, kultur, fritidsaktivitetar og sport med hatt ein kraft vekst. Dette er det tatt høgd for i næringsplanen, som eit av dei viktige områda for å skape nye lokale arbeidsplassar.

Framtidssamfunnet gjev oss nye moglegheiter som kommune, men også utfordringar med ytterlegare press i strandsonen, aktiv bruk av sårbare område i fjellet og sesongvariasjonar med tanke på tilgang av arbeidskraft og tilgjengelege opningstider.



3. 0 VISJON OG HOVUDMÅL

3.1 Visjon

*«Skapa ei oppsiktsvekkjande framtid
– create a remarkable future»*

Visjonen byggjer på samspel, engasjement, vilje til å få til noko og å veraause og tolerante med kvarandre. Eit godt ord for dette er «skapa» som betyr å forma, danna eller la noko bli til. Ved å byggja vidare på styrkene som ligg i vår historie, identitet og kultur, skal me skapa ei oppsiktsvekkjande framtid i Kvam.

Sjølv om kommunen sitt samfunnsoppdrag endrar seg i eit roleg tempo, endrar omgjevnadane seg i eit større tempo. Menneske, teknologi, infrastruktur, næringar, trendar og haldningar er i kontinuerleg endring. Visjonen vår skal difor reflektera at me fylgjer med i tida, at me er kreative og viser innovasjonsvilje. Ein kommune med rett porsjon risikovilje, der ein torer prøva nye ting som er verdt å leggja merke til. Ein kommune som skal skapa ei oppsiktsvekkjande framtid, basert på samarbeid mellom menneske, lag og organisasjonar, verksemder, bransjar og bygder.

3.2 Hovudmål

«Vidareutvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter som knyter saman Hardanger og Bergensregionen»

Vekst i Kvam kjem ikkje av seg sjølv. Urbanisering er ein megatrend på verdsbasis og vil halda fram. Staten følgjer den opp med sentralisering. Folkerike stadar får tildelt meir av dei statlege inntektene, og stadar utan vekst i folketal får mindre midlar til tenesteproduksjon. Kvam må kjempa for at ikkje dei store infrastruktursatsingane skal gå utanom Kvam i framtida. Statlege arbeidsplassar vert konsentrert rundt byane eller «satellittbyane» rundt Bergen. Det meste av arbeidsplassetablering vil òg skje i og rundt dei største sentra og då helst i dei kystnære stroka.

Kvam må ta ein posisjon som noko anna. Noko som skil seg ut.

Kvam må ha fokus på å vidareutvikla vårt eige regionsenter for å kunne vera ei motvekt og eit attraktivt alternativ til sentralisering. Eit sterkt regionsenter i samspel med lokal- og nærsentra i Ålvik, Tørvikbygd og Strandebarm gjev grunnlag for gjensidig vidareutvikling og styrking av heile Kvam. Eit sterkare Kvam kan då ta lettare del i veksten og utviklinga som skjer nær Bergen og kysten.

Norheimsund er ein relativt liten tettstad, som framleis skal ha status som regionsenter i Hordaland. Noko av det attraktive ved Norheimsund er det tette og kompakte sentrum, med eit spennande og variert bu-, handels-, kultur- og fritidstilbod. Med regionsenteret som kjerne, må området Laupsa-Øystese-Steinsdalen-Norheimsund-Vikøy vidareutviklast til «Tettstadsområde Kvam i Hardanger», som eit endå meir attraktivt område med potensiale for å tiltrekka seg fleire kreative og skapande folk. «Tettstaden Kvam» (tettstadsområde Kvam i Hardanger) har mange attraktive område for variert busetnad. Kvam skal i framtida vera eit naturleg val for aktive barnefamiljar som ynskjer seg eit liv utanfor bykjernen, men i pakt med tettstaden og naturen.

Eit spennande regionsenter skal ha varierte tilbod på ein slik måte at flest mogleg finn dette attraktivt. Det vil dermed vera viktig å finna den rette

balansegangen mellom eit rikt frivillig organisasjonsliv og mindre bindande tenester som kan "kjøpast" slik at dei fleste behov kan oppfyllest. Regionsenteret skal opplevast som «bygda med bypuls» og eit attraktivt turistmål. Nordmenn vil truleg ha god kjøpekraft også dei komande åra. Me må byggja vidare på vår sterke identitet og kultur i Hardanger og gjera den til noko meir. Kvam er ein «inngangsportal» til folk som ynskjer å oppleva merkevara Hardanger, ei merkevara som må vidareutviklast i samarbeid med resten av regionen. Kvam sitt varierte næringsliv med jordbruk, industri og handel kopla med eit rikt kultur- og organisasjonsliv gjev eit mangfaldig og levande samfunn, og kan danna grunnlaget for ei ny satsing. Vekst og opplevingar kan skapast gjennom møte og samarbeid mellom menneske, lag og organisasjonar, verksemder, bransjar, bygder, kommune og regionar.



Opplevingsøkonomien kan bli den raskast veksende næringa i Kvam, og den skal dyrkast på dei fire T'ane: Talent, toleranse, trivsel og teknologi. Ei slik klar profilering skal sørge for at regionsenteret Norheimsund, Kvam og regionen Hardanger framleis vil ha ein sterk posisjon i Hordaland. Eit lokalsamfunn som tar mål om seg å vera ein faneberar innan opplevingsøkonomien er avhengig av klusterdanning innan kreative næringar. Kunden si oppleving som det verdiskapande element må vera ein kultur gjennomsyra i alt av det me driv på med. Opplevingar vert produsert av verksemder og institusjonar som er tilknytt til dømes kultur, kunst, natur, sport, design, reiseliv, mat m.m. Verksemder med produksjon innan desse områda, har eit spanande vekstpotensial gjennom vår stigande velferd. Opplevingsøkonomien har ingen klare grenser. Opplevingsøkonomien er eit paraplyomgrep som dekkjer mange godt

etablerte bransjar. Opplevingsøkonomi er eit nyttig ord for å kommunisera om økonomiske effektar og spesielt verdiskaping gjennom opplevingar. I opplevingsøkonomien vert merksemda flytta frå produkt og serviceleveranse og over til kunden sine opplevingar som det verdiskapande element. Målet for framtida er å få fleire til å villa bu i kommunen, få fleire til å villa driva næring eller vera med og vidareutvikla eksisterande næringar i kommunen, og sist men ikkje minst få innbyggjarane til å «oppleva» at dei kan vitja alle tilboda kommunen byr dei. Gjennom forståing for opplevingsøkonomien som politisk grunnlag for all kommuneutvikling, kan me leggja endå betre til rette for tidvis busetnad, tidvis arbeid og «faste» vitjingar. Det vil med andre ord seia fleksibilitet i bu-, arbeids og opplevingsmønstra til folk.



Den auka satsinga på attraktivitet i norsk distriktpolitikk kan sjåast på som eit utslag av ei tiltru til at lokalsamfunnet kan påverke sin eigen vekst og leggja eit godt grunnlag for framtidig eksistens.

I sin programteori for attraktivitet seier Telemarksforsking at «attraktivitet er knytt til tilhøve som kan påverkast lokalt, eller som er unikt ved den enkelte stad, og som påverkar flyttestraumen til eller frå staden». Attraktivitet er dermed nært knytt til flyttebalansen.

Attraktivitet og stadutvikling er omgrep som slektar på einannan. Begge handlar om å forbetra eigenskapane ved ein stad. Stadutvikling er eit omgrep som ofte har vore knytt til fysiske eigenskapar ved stadar. Stadutvikling har vore knytt til kvalitative forbetringar som ikkje nødvendigvis påverkar veksten på ein stad, medan attraktivitet i større grad peikar mot at staden i større grad skal trekka til seg noko, og dermed auka veksten sin.

Dei samfunna som klarar å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid er dei som oppmodar til eksperimentering, dyrkar risikovilje, pleier sine innovatørar, set pris på kreativitet og fremmar det særegne. Dette gjev oss fire underbyggjande faktorar:

Talent

Toleranse

Trivsel

Teknologiutnytting

4.0 HOVUDSTRATEGIAR


STADUTVIKLING

Utfordringar og moglegheiter


Kvam er ein mangfaldig kommune, der moglegheitene for framtida er mange, for både gamle og unge. Planen skal styrkja kommunen og innbyggjarane i trua på at «framtida ligg i Kvam». Dette krev samarbeid på mange ulike felt, både internt i kommunen, i lag med nabokommunar, regionale og statlege etatar, einskildmenneske og næringsdrivande som ynskjer å bidra til utviklinga i Kvam.

Det me får til i vår eigen kommune vil vera avgjerande for om folk vil fortsetja å bu her. Planen byggjer difor vidare på Kvam sine føremoner og sterke sider.







Sykkelavstandar i frå Øystese sentrum
Lys grøn -10 min
Lys brun -20 min



Gåavstandar i frå Norheimsund sentrum
Mørk grøn -5 min
Lys grøn -10 min
Lys brun -15 min



Gåavstandar i frå Øystese sentrum
Mørk grøn -5 min
Lys grøn -10 min
Lys brun -15 min



Sykkelavstandar i frå Norheimsund sentrum
Lys grøn -10 min
Lys brun -20 min

For at Kvam skal fortsetja å vera ein attraktiv kommune å bu og leva i, må tettstadene våre ha interessante tenestetilbod og sentrale møteplassar, kommunen må ha eit variert og mangfaldig bustadtilbod med byggeklare tomter sentralt og ute i grendene. Organisasjonslivet må blomstre og samfunnet må vera inkluderande og imøtekommande, når folk kjem her til. Skal folk finna det interessant å busetja seg her, må Kvam også vera ein del av ein attraktiv arbeidsmarknad utanfor kommunen sine egne grenser. Tilgjenge til ein større arbeidsmarknad må vurderast i høve til kollektive transporttilbod.

Tettstadane og sentra, med infrastruktur spesielt for gåande og syklende skal gje oss moglegheter for vidare utvikling. Fellesareal og grøntområde i og omkring tettstadane skal leggja til rette for fysisk aktivitet og trivnad for ei god folkehelse, og privat og offentlege servicetilbod skal tilpassast storleiken på tettstadane.

I samband med kommuneplanen er det lagt til grunn at me skal byggja på ein tettstadstruktur; med Norheimsund,

Øystese, Ålvik, Tørvikbygd og Strandebarm. I desse sentra skal også kommunen satsa vidare på offentlege tenestetilbod, slik at det også vert attraktivt for privat bustadbygging, næringsutvikling og at folk vert buande.

Kommunen sine arealstrategiar legg opp til at skal me fortetta i sentrum og leggja til rette for vidare utvikling langs med eksisterande infrastruktur i og rundt tettstadane og ute i grendene. Dette gjeld og for kommunen sine eigne bygg og institusjonar. Tanken med denne utviklinga er leggja tiltrette for ei best mogleg berekraftig utvikling rundt tettstadane.

Kvam herad sine arealstrategiar for sentrums-, tettstad- og bustadutvikling

Arealstrategiane legg opp til ei styrking av sentrumskjernane, i høve til private og offentlege tenestetilbod i Norheimsund og Øystese. Utviklinga av bustadar kan derimot over tid skje i heile området frå Laupsa til Vikøy.

For Norheimsund – og Øystese

Offentleg og privat tenesteyting samt detaljhandel skal lokalisert i sentrum eller innanfor 10 minutt gåavstand frå sentrum. Bustadbygging i same område skal ha høg arealutnytting. Einebustader kan berre byggast utanfor sentrum og utanfor området definert som 10 minutt gåavstand. Dei områda som ligg innanfor 20 minutt sykkelavstand frå sentrum vert rekna som særleg gode område for bustadbygging. Innafor området skal det byggjast vidare på eksisterande infrastruktur, på noverande gang- og

sykkelvegssystem og etablerte bustadområde.

Ålmenta skal sikrast tilgang til strandsonen og større samanhengande grøntområde når reguleringsplanar vert utarbeidd.

For Strandebarm/Tangerås – Ålvik – Tørvikbygd

Lokalsenter er område med funksjonar knytt til daglege gjeremål, både private og offentlege. Utbygging skal konsentrert innanfor 10 minutt gåavstand frå sentrum. I lokalsenter kan det vere både einebustader og tett utnytting. Lokalsentra må bygge vidare på eksisterande infrastruktur for veg, VA, gang- og sykkelveg. Utbygging skal skje som utviding av eksisterande bustadområde

Industri og næringsareal

Nye næringsareal til industri og anlegg med meir, skal leggjast til eksisterande næringsområde i utkanten av sentrum.

Plasskrevjande næringar skal lokalisert i utkanten av sentrum og langs med Fv -7 eller Fv 49 eller Fv 48. Detaljhandel skal liggja i sentrum. Næringar basert på stadbundne ressursar kan lokalisert i område der desse høyrer naturleg til.

Utfordringa i kommuneplanperioden er å få til ein berekraftig tettstadstruktur, og eit innhald i desse som gjer sitt til at folk ynskjer å bu i Kvam, at forretningar finn det attraktivt å lokalisere seg i tettstadane, og offentlege tenesteyting er av eit slikt omfang og har ein slik kvalitet at innbyggjarane får løyst sine gjeremål innafør kommunen sine egne grenser.



Målsetjinga og strategiane for senterstruktur er av dei viktigaste satsingsområde i denne planperioden. Denne satsinga skal styrkja befolkningsgrunnlaget og legge til rette for vekst og utvikling i næringslivet.



Regionsenter

Det eksisterer ikkje ein klar definisjon på kva eit regionsenter er, verken m.o.t. storleik, funksjonar eller andre kjenneteikn. Det vert ofte vist til ei satsing på regionsentra som ei nyttig drivkraft for å sikra ei regional utvikling. I Hordaland skal alle innbyggjarar kunna nå eit regionsenter innan om lag ein times køyring. Regionsentra skal ha eit omland på minimum 10.000 innbyggjarar og nye regionsenter rundt Bergen må ha eit omland på meir enn 25.000 innbyggjarar.

Hordaland fylkeskommune vedtok hausten 2014 «Regional plan for attraktive senter i Hordaland –senterstruktur, tenester og handel». med fylgjande struktur,

- Fylkessenter
- Regionsenter
- Kommunesenter
- Bydelscenter i Bergen
- Lokalsenter
- Nærsenter

Planen legg vekt på at det vert utvikla gode og attraktive sentrum der det er god balanse mellom handel, tenester, kulturtilbod og bustadar.

Asplan Viak har gjennomført moglegheitsstudie for dei mest sentrale områda i Norheimsund. I studien er det lagt stor vekt på at det ikkje er bygg, byggehøgder eller utsjånad som er det urbane potensialet i tettstaden, det er menneska og aktivitetane i mellomromma mellom bygga som skapar det urbane potensialet. Utfordringa til Kvam herad er å få til tettstadar der det er mogleg å optimalisere tilhøve for menneskeleg aktivitet. Dess fleire møtepunkt der er med ei gate, dess større er sjansen for at innbyggjarane og dei vitjande kjem akkurat i denne gata. Fleire folk i ei gate gjev auka grunnlag for næringsliv. Ein del av funksjonane i sentrum, bør difor liggja litt frå kvarandre, men med gåavstand, for på det viset å leggja til rette før auka rørsle og aktivitet. I desse romma og gatene må me leggja til rette for ei blanding av ulike trafikantar.

I næringsplanen er det lagt vekt på fylgjande for å oppretta eit levedyktig regionsenter

- Mål om høg livskvalitet for alle
- Behalda status som regionsenter i Hordaland i fylkeskommunalt planverk
- Fortetting av sentra, legge til rette for handel på bakkeplan og bustader i dei andre etasjane. Dette må arealplanen leggja til

rette for gjennom kombinert føremål i arealplanen.

- Skapa liv i sentra også etter stengetid for handelsnæringa, attraktive Uterom/ møteplassar/ leikeplassar/skateplass/ trampolinar el.
- Nok parkeringsplassar i senterområda
- Ein større fleksibilitet i opningstider for sentra. Vitjande bør oppleva sentra i Kvam som attraktive og tilgjengelege.
- Marknadsføring av regionsenteret Gode serveringsstader med høg kvalitet Torgaktivitet
- Gode gang- og sykkelveggar/turvegar

Handels- og servicenæringa må passa inn der dei etablerer seg. Det er viktig å leggja vekt på estetikk og lokal byggeskikk, og vidare utvikling av dei offentlege romma og møteplassane. Bruk av belysning, fargar, skilt og material kan bidra til å gjera staden meir attraktiv, funksjonell og tilgjengeleg. Butikkfasadane må vera innbydande og bidra til å auka attraktivitet i sentra.

Norheimsund og Øystese har i dag flotte sentrumsnære område mot sjøen med parkområder og badestrender. Det er viktig at kommunen og næringslivet samarbeider vidare for å ta vare på desse kvalitetane og gjera sentra enda meir attraktive. Desse områda er med på å skapa liv i sentrum, og fleire vil då nytta handelstilboda.



Stadutvikling	
Overordna mål	
Sentra våre skal byggja på ei berekraftig utvikling, styrkjast med eit større mangfald av private og offentlege tenestetilbod, ei god blanding mellom bustad, forretning og kontor, god tilrettelegging for <u>alle</u> med varierte møteplassar som innbyr til trivsel, samarbeid opplevingar og fysisk aktivitet.	
Slik vil me ha det	Slik gjer me det
Sentra våre skal framstå som estetisk vakre slik at det vert attraktivt å bu, vitje og etablere seg der.	Kvam herad skal aktivt bidra med vidare planlegging, sikring og opparbeiding av fellesareal i sentrumsområda
Sentra våre skal framstå som trafikksikre og trygge for mjuke trafikkantar	Kvam herad skal fortsetja arbeidet med å planleggja, tilretteleggja og opparbeida gode gang- og sykkelvegssystem i, rundt og gjennom sentra.
Sentra våre skal vidareutviklast med eit stort engasjement	Kvam herad skal leggja til rette for brei medverknad, med idedugningar og folkemøte, der spesielt barn og unge skal vera invitert.
Me vil at fellesareala og infrastrukturen i tettstadane skal framstå som attraktive, tiltrekkjande og tilgjengelege	Kvam herad skal ha ansvaret for at den felles infrastrukturen vert bygd ut
Me vil at sentrumsområda skal vera	Kvam herad skal i si planlegging sørge for at

mangfoldige og ha ei blanding av service, kontor og bustad	sentrumsområda får ein god variasjon i mellom service, kontor og bustad
Me vil ha trygge og gode tettstadar og lokalsamfunn	Kvam herad skal med godt og tverrfagleg ROS-arbeid driva med førebyggjande arbeid for å hindra ulukker og skadar
Me vil fortette bustadbygginga i og rundt sentra.	Kvam herad skal i si planlegging følgje opp arealstrategiane for senterstruktur
Me vil ha aktive handelssentra	Det skal leggjast til rette for at det skal vera attraktivt å etablere seg med forretningar i sentrum
Me vil at den framtidige gjennomgangstrafikken skal gå utanom Norheimsund	Me planlegg trafikken i tunnel

Bustad

I planen er "bustad" eit eige tema. Me ynskjer å få på plass ein del prinsipielle og generelle svar på korleis kommunen skal løyse bustadbygginga i komande planperiode, og sei kva rolle kommunen skal ha. "Bustad" og "tilrettelegging av bustad" er også tema i helse- og omsorgsplanen og integreringsplanen.

Det å ha eigen bustad, er viktig for alle. Det gjev tryggleik og betre livskvalitet i kvardagen. I Kvam er det mange som slit med å komma seg inn på bustadmarknaden. Det kan vera på grunn av låg inntekt, dårleg helsa, nedsett funksjonsemne eller manglande kunnskap om det norske samfunnet. For desse gruppene har kommunen ein heilt anna rolle og ansvar, både med tanke på økonomiske stønadsordningar, rettleiing, informasjon og praktisk tilrettelegging. Tilrettelegginga må likevel vera ein del av den samla bustadplanlegginga, med tanke på kvar dei ulike bustadane skal lokalisert i høve til annan busetnad,

infrastruktur, gang- og sykkelvegssystem, fellesareal, offentleg kommunikasjon, privat og offentleg tenesteyting.

Bustadpreferansar og bustadbehov, endrar seg og over tid. Skal kommunen vera attraktiv for folk som skal flytta til og ta vare på dei som ynskjer skifte bustad internt i kommunen på grunn av alder, livssituasjon, trendar, behov med meir, må kommunen ha eit større mangfald av tomter og tilgjengelege bustadar. Bustadmarknaden er ikkje statisk, men endrar seg over tid. Det vert færre og færre innafor kvar buening, det vert fleire og fleire bueningar og befolkninga vert eldre, og det kjem fleire flyttande i frå utlandet som kan ha andre behov enn dei som tidlegare har budd i kommunen.

Det er viktig for kommunen å ha ein aktiv bustadpolitikk, både for dei som har evne og ressursar til å skaffe seg eigen bustad, og for dei som er avhengig av hjelp for å få dette til. Det er også viktig at kommunen bestemmer seg for kva rolle kommunen skal ha inn i planperioden for å nytta bustadtilrettelegginga som eit av sine mest konkrete og aktive verktøy for å nå

målet om fleire innbyggjarar i Kvam. I planprogrammet til bustadplanen er det lagt vekt på, suksesskriterier for god gjennomføring av planar, kommunen si rolle ved bustadutbygging og kommunen si organisering for å løysa sine oppgåver innanfor temaet bustadbygging. Desse problemstillingane må klargjerast. Noverande bustadplan er tydeleg på at det krevst ei betre tilrettelegging internt i Kvam herad for å løyse desse utfordringane.

Kvam til liks med andre distriktskommunar har mindre variasjon i sin bustadmasse enn meir sentrale område, samtidig er einebustaden det mange etterspør. Det har i mange nye reguleringsplanar for sentrumsnære område både i Norheimsund, Øystese og Strandebarm vorte tilrettelagt med andre buformer enn



einebustad. Det er også fleire stadar i sentrum av Norheimsund og Øystese at det vert tilrettelagt for nye leilegheiter opp på eksisterande butikkar. Kommunen har mange reguleringsplanar som kan utløyse mykje tett bustadbygging i sentrumsnære område med sjøtomter og tilhøyrande fellesareal. Om desse vert realisert kan det løysa ut fleire einebustadar i heile kommunen.

For at Kvam skal vera attraktiv for unge fyrstegongsetablerarar, arbeidsinnvandrarar, og flyktningar, krevst det også at det finst tilbod mindre

bueiningar, både til eige og leige. Dette gjeld primært for sentrumsnære område, men også ute i grendene for dei som ynskjer å busetja seg i si eiga heimbygd. For dei minst mobile gruppene vil sentrumsområda vera dei mest aktuelle bustadområda.

I kommunen sine arealstrategiar er det lagt stor vekt på fortetting langs med eksisterande infrastruktur, utan einebustadar midt i sentrum av Øystese og Norheimsund, men i sentrum av dei andre sentra og langs eksisterande infrastruktur ut i dei ulike grendene.

På 1970- og 1980-talet hadde kommunen ein meir aktiv rolle i høve til bustadbygginga. I dag er mykje meir overlatt til private verksemder og utbyggjarar. Kommunen må uansett ha ein aktiv rolle for å stimulera til ei aktiv bustadbygging i Kvam. Det må til ei kvar tid vera tilrettelagte og regulerte tomter, og nok tilgjengeleg areal. Dette får me til ved å rullera kommuneplanen sin arealdel oftare enn det som har vore vanleg.

Skal kommunen vera i stand til å møte utfordringane i høve til folkeveksten dei næraste 20 åra, vil det vera trong til ca. 800 nye bueiningar fram til 2035, dvs at det må byggjast bortimot 40 bueiningar pr år. I perioden frå 1991 og fram til 2013, låg snittet på omkring 30 bueiningar pr år.

	2013	2035	Nye bu- einingar
Einesbustad	2719	3334	615
Tomannsbustad	546	670	124
Blokk	49	60	11
Bufellesskap	205	256	51
			801

Prognosen er ei framskrivning av bustadstrukturen slik den er i dag, og viser ikkje behov og ynskje for framtida i Kvam

Bustad og areal til bustad er svært sentralt i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, alle innkomne forslag til kommuneplanen sin arealdel er under handsaming, og vil verta konsekvensutgreidd i høve til kommunen sine vedtekne arealstrategiar. I dag er det ledige tomter i kommunale og private felt i stort sett heile kommunen.



Bustad	
<p>Overordna mål</p> <p>Kvam herad skal ha eit variert bustadstilbod tilgjengeleg for alle grupper som ynskjer å busetja seg i kommunen og som ynskjer å verta buande, samt at folk vert buande lengst mogleg i sin eigen heim.</p>	
Slik vil me ha det	Slik gjer me det
Me vil ha eit meir variert og godt tilgjengeleg bustadtilbod i heile kommunen.	Kvam herad skal til ei kvar tid sjå til at det er godkjente areal- og reguleringsplanar i heile kommunen.
Me vil ha tett utnytting i sentra og spreidd i grendene.	Kvam herad skal i si planlegging følgje opp arealstrategiane for senterstruktur og utnytting av LNF-område.
Me vil at det skal vera tilrettelagt rimelege bustadformer for førstegongsetablerarar og andre som treng hjelp og rettleiing.	Kvam herad skal bidra med god rettleiing, god utnytting av verkemidlar og god planlegging.
Me vil at Kvam herad skal vera ein aktiv pådrivar for bustadbygginga i Kvam	Kvam herad skal oppretta eit eige bustadkontor, som skal ha ansvaret for utbygging og rettleiing.
Me vil at våre bustadområde skal ha attraktive uteområde, med høg kvalitet og tilgang på nærrekreasjonsområde	Kvam herad skal sikra tilgang på gode nærmiljøområde, som er universelt utforma og tilrettelagt for alle som ynskjer å nytta dei.
Me vil ha attraktive tomter langs med sjøen i frå Vikøy til Laupsa.	Kvam herad skal kartleggja den funksjonelle strandsona, der fortetting skal skje i noverande bebygde område og område som er egna til rekreasjon og friluftsliv skal sikrast mot utbygging.
Me vil ha ein funksjonell og god infrastruktur inn til våre nye bustadfelt.	Kvam herad skal bidra som tilretteleggjar og pådrivar for å få på plass infrastruktur.

KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR

Utfordringar og moglegheiter

Kommunikasjon og infrastruktur inn og ut av kommunen og internt i kommunen er eit viktig tema i planperioden.

Nasjonalt transportnett i vår region – framtidig utvikling

På nasjonalt nivå vert infrastruktur utforma gjennom Nasjonal Transportplan (NTP). Regjeringa har starta opp arbeidet med ny transport plan for perioden 2018-2027. Resultatet av denne planen vil vera viktig for framtidig samfunnsutviklinga i Kvam.

Regjeringa vil i den nye NTP prioritera oppgradering av to hovudtransportårer mellom Austlandet og Vestlandet. Det er kasta fram planar om heilt nye delstrekninga, blant anna i vårt område.


Statens Vegvesen har på vegne av Regjeringa gjort analysar av

transportbehova fram til 2050. Konklusjonen er at E136 over Haukeli til Haugesund med ein arm til Bergen bør få høgste prioritet.

Det er lagt fram tre forslag til trasé mellom Odda og Bergen.

- ein via Strandebarm, Fusa og Eikelandsosen
- ein via Hardangertunnelen, under Kvamskogen, til Samnanger og kopla på E16 ved Trengereid.
- ein via Hardangertunnelen, under Kvamskogen, og vidare til E39 via Tyse og Espeland.

Statens Vegvesen har gjennom sitt arbeid vist at vegen via Hardangertunnelen og Espeland er det kortaste og raskaste av alle aust-vest samband. Traséen er 12 km kortare enn via Fusa. Alle alternativa inneheld bru over Hardangerfjorden, med ilandstigning i Ljonesåsen.



Dersom det endelege valet vert eit nytt aust-vest-samband via ein Hardangertunnel kan reisetida frå sentrum i Kvam til Bergen koma under 40 minutt og dermed vil dei meir folkerike områda i Øystese/Norheimsund koma i akseptabel pendlaravstand til Bergen. Kvam herad vil arbeida for at alle dei aktuelle alternativa vert utgreidd.

Balansert regional utvikling i Hordaland

Norconsult har på vegne av Kvam herad fått laga rapporten, *"Hordalandsdiagonalen og Hardangertunnelen – regional moglegheit for Hordaland"*. Målet med rapporten er å visa at «Hordalandsdiagonalen» med Hardangertunnelen, er eit nøkkelprosjekt for eit framtidretta samband mellom Aust- og Vestlandet. I tillegg til at sambandet kan verta ryggrada for balansert regionbygging i Hordaland. Bakgrunnen for dette er å få kartlagt kva for moglegheiter Hardangertunnelen har i lys av det pågåande planarbeidet for E-39 og aust- vest sambandet mellom Oslo og Bergen.

Rapporten viser til at Hardangertunnelen er vurdert til å ha fire viktige transportfunksjonar;

- Kortare samband aust – vest, det vil i framtida vera ein del at det kortaste vegsambandet mellom Oslo og Bergen
- Beredskapsveg for E 16,
- Regionbygging Hardanger/Kvinnherad/Fusa/Samnanger – Bergen
- Del av framtidig tverrsamband Bergen – E 134

Rapporten tek for seg to ulike prinsipp for ein ny «Hordalandsdiagonal», ein via Kvam og ein via Fusa. Traséen via Kvam er vurdert til å ha fylgjande føremoner:

- Kortaste reisetid
- Best egna for etappevis utbygging
- Auka nytte av investeringar på E16 Arna – Trengereid
- Størst effekt på regionsbygging
- Lågast investeringskostnad

Ei løysing via Odda og Norheimsund vil vera med å bygga Hardanger saman som region, i samsvar med regionale strategiar og målsetjingar.

Infrastruktur og samfunnsutvikling i Kvam

Folketalet i Kvam har auka, medan talet på arbeidsplassar har gått ned. Kommunikasjon med ein større arbeidsmarknad, fleire lokale arbeidsplassar og eit variert bustadtilbod er difor av ein avgjerande karakter for at prognosane for befolkningsvekst skal slå til. Infrastruktur er eit av dei viktigaste satsingsområde i denne kommuneplanperioden. Dette er også tatt opp i planstrategien og planprogrammet. Det er mellom lagt vekt på at; *«utfordringa dei næraste åra vil vera å komma inn under og ta del i den veksten som føregår i og rundt Bergen. Moglegheitene ligg i betre tilgjenge til Bergensregionen»*. Hovudmålet i planen byggjer opp omkring denne utfordringa og legg samstundes til grunn at me skal dra nytte av at me er innfallsporten til Hardanger. Planprogrammet og arealstrategiane for kommunen legg også

til grunn at me skal opparbeide areal for Hardangertunnelen for å komme innafør pendlaravstand til Bergen.

Ein viktig moglegheit for kommunen er å kopla tunnelen inn i eit overordna vegsystem i mellom aust og vest, og få den same infrastrukturen til å vera ein regionbyggjar i Hordaland, i samsvar med fylkeskommunen sine planar om ei balansert utvikling i fylket. Dette krev eit godt samarbeid med våre nabokommunar, fylkeskommunen og nasjonale partnerar.

Det er stadig fleire som pendlar til Bergen. Difor har det vore viktig i næringsplanen å satse på å skape **lokale arbeidsplassar**, slik at færre treng å pendle for å komma seg på arbeid. Skulle me lukkast med å få dette til, vil uansett arbeidsmarknaden



vera større og meir variert om me vert sterkare knytt opp i mot Bergen og kommunane omkring. I debatten om berekraftig utvikling, må det arbeidast med kollektive og individuelle berekraftige løysingar.

Infrastruktur internt i kommunen

Ein trafikksikker og effektiv infrastruktur, internt i heile Kvam skal vera grunnlaget for god samhandling, der gang- og sykkelvegssystemet skal vera lagt til rette for ei berekraftig utvikling og god folkehelse.

Kommunen er langstrakt og infrastrukturen langs med fjorden legg til rette for samhandling i mellom grendene og sentra, og i mellom dei mindre sentre og tettstadsområde i Norheimsund og Øystese.

Infrastrukturen i Kvam skal vera slik at alle innbyggjarane primært ynskjer å bruke offentlege og private tenestetilbod internt i kommunen. Innbyggjarane har peika på at dette er viktig for den gode

samhandlinga og fellesskapskjensla. I dag er dette ikkje optimalt, slik at fleire strekningar må gjerast noko med i planperioden. Dette gjeld både i Mundheim, Tørvikbygd, Fykse og Ålvik. Infrastrukturen er ikkje slik på alle

strekningar slik at det fell seg naturleg å bruke tilboda i kommunen.

Mjuke trafikkantar - trafikktryggleik

Kvam herad skal å fortsetja arbeidet med trafiksikring i eigen kommune, for å skapa trygge tilhøve for kommunen sine mjuke trafikkantar. Kommunen skal fortsetja med den samordna areal og transportplanlegginga, der dei mjuke trafikkantane er ein viktig del av dette.

Viktige prosjekt

Området Børve, Tolomarka og Sjusete ligg sentralt i Kvam og omfattar i dag både bustad-, landbruks-, nærings- og fritidsområde. Golfbanen på Børve og ski- og turløypene på Sjusete ligg i same området. Dersom området vert kopla saman med Kvamskogen, får me eit utvida fritidsområde. Med betre tilkomst er utviklingspotensialet stort.

Framlegg til ny reguleringsplan for Grustaket i Øystese vil verta lagt fram for

Kvam heradsstyre i 2015. I reguleringsplanen er det teke med ny veg opp til Mo-flatane. Det gjev opning for ein ny trasé til området frå austsida.

I tillegg er det trong for ny veg frå vestsida. Ny veg til Tolomarka har vore inne på fleire arealplanar, men den gode og framtidsretta løysinga, har enno ikkje vorte bygd. Dette må også løysast i denne planperioden.



Infrastruktur og kommunikasjon	
Overordna mål	
Kvam skal ha ein trafikk sikker og effektiv infrastruktur –eksternt i mot Bergen for å utvide kommunen sin bu- og arbeidsregion, og internt i heile kommunen for å sikre ei betre samhandling mellom grendene.	
Slik vil me ha det	Slik gjer me det
Me vil ha ein trygg og god veg til ein større og bu- og arbeidsmarknadsregion i og rundt Bergen.	Kvam herad skal i samsvar med sin eigen arealstrategi arbeide med å få på plass Hardangertunnelen.
Me vil at internkommunikasjonen skal vera god i heile kommunen i frå Gravidal til Kjepso, slik at samhandlinga vert styrka.	Kvam herad skal sørge for at godkjente reguleringsplaner for infrastrukturen vert realiserte og me skal samhandle med regionale styremakter for å få plass Fv 7, Fv 48 og Fv 49 igjennom kommunen.
Me vil at området mellom Norheimsund og Øystese, samt tilkomsten til Sjusete skal verta betre tilgjengeleg.	Kvam herad skal i samsvar med arealstrategien for Tolomarka få på plass ny veg i kommuneplanen sin arealdel.
Me vil at kollektivtilbodet skal verta betre internt i kommunen og til bergensregionen.	Kvam herad skal samarbeide med fylkeskommunen for å få til eit betre kollektivtilbod i Kvam og mellom Kvam og bergensregionen.

VERDISKAPING GJENNOM SAMARBEID

Utfordringar og moglegheiter

Entreprenørskap'

Kvam skal ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane som kan få fram nye idéar, nye produkt, nye verksemder og verdiskaping til beste for samfunnet. Det må arbeidast målretta for å gjera folk i stand til å vera gode entreprenørar. I arbeidet med entreprenørskap må det fokuserast på å skapa berekraftige verksemder. Dette må me starte med i grunn- og vidaregåande skule igjennom elevverksemder og «Ungt entreprenørskap», og næringslivet (td

«Næringsshagen i Hardanger») i lag med kommunen må vera med å støtta opp om tiltak som fremmar entreprenørskap og næringsutvikling. Det er viktig at både kommuneorganisasjonen og samfunnet har ei positiv haldning til entreprenørskap. Gjennom å skapa dei riktige haldningane vil dette stimulera mangfaldet. For å få fleire nyetableringar må potensielle etablerar av verksemde få kunnskap og kompetanse om innovasjon og nyskaping, samtidig som haldningsskapande arbeid må bidra til å utvikla ein kultur for entreprenørskap. I det haldningsskapande arbeidet må kvar einskild verta trena til samarbeid, nytenking, å tåle motstand, vere

kreativ og å stola på egne val. Me må dele på erfaringar på tvers av alder, kjønn, erfaring, nasjonalitet, kompetanse og kunnskap. Me vil ha ein entreprenørkultur der det er lov å feile. Det skal vera lov å prøva fleire gonger. Det skal sjølvsagt vera lov og lukkast, og me skal dyrka fram både vinnarane og mangfaldet.

Møteplassar

Kultur- og idrettsarenaer er viktige offentlege møteplassar, anten dei er i sentrum, i lokale samfunnshus, innandørs eller utandørs. Me må difor som kommune vera med å støtta opp omkring tiltak som fremmar utvikling av kultur- og idrettsarenaer. Forsking syner at høg «kafétettleik» eller urbane tilbod har positiv innverknad på attraktiviteten til ein stad. Dei tradisjonelle møteplassane må vidareutviklast og supplerast med nye arenaer som samla vert opplevd som attraktive, inkluderande og tilrettelagte for større mangfald. Badestrendene, med omkringliggjande fellesareal mitt i Øystese og Norheimsund har vorte viktige møteplassar for mange. Også næringslivet treng gode møteplassar for å dela kunnskap, etablera nettverk og alliansar og skaffa kapital til nye prosjekt.

Frivilligheit og kommunen

Det å ha vener og kunna vera med i eit fellesskap betyr mykje for folk sin trivsel og helse. For å løysa velferdsoppgåvene i framtida vert det behov for at frivillig sektor også utfører noko av det som i dag er offentlege oppgåver. På landsbasis bidrar 48 % av befolkninga med frivillig arbeid og minst 80 % av befolkninga er medlem i minst ein organisasjon. 50 % av

disse igjen definerer seg sjølve som aktive medlemmer. Frivillig sektor er heilt avgjerande for at eit lokalsamfunn skal fungera. Difor er det viktig å leggja tilhøva til rette slik at frivillig sektor får gode vilkår og utviklar seg på eigne premisser. I dag er mangfaldet stort og det finst eit mangfald av frivillige lag og organisasjonar i heile Kvam

Breidde og mangfald i kulturtilbodet

Det er eit rikt og aktivt kunst- og kulturliv i Kvam, og dette er ein viktig byggestein i den vidare utviklinga av kommunen. Me har sterke kulturinstitusjonar innanfor kunst og museum som er kreative motorar i samfunnsbygging.

Kvam er og svært rik på kulturminne. Kommunedelplan for kulturminne vil ta for seg korleis ein forvaltar kulturminna, og korleis dei kan vera ressursar for utvikling.

I kommunen er det alt i frå idrettslag til Lions, ifrå Kvinne- og familieforbund til bridgeklubbar, frå songkor til kampsport.

Organisasjonslivet er ein av dei viktigaste berebjelkane i Kvammasamfunnet, det bind oss saman og skapar aktivitetar på tvers av grupper, og er i mange høve den viktigaste arenaen for integrering. Dette



må me byggja vidare på i denne planperioden. Integrering er elles eit så viktig tema for kommunen at det vert utarbeidd ein eigen plan for integrering i denne planperioden. Eit variert kulturtilbod påverkar fysisk og psykisk

helse i alle aldersgrupper. Kulturell danning er ein føresetnad for demokrati og samhald, og aktiv deltaking er viktig for høg livskvalitet og eit godt lokalsamfunn. Gode moglegheiter for å delta aktivt forutset forutsigbar og langsiktig støtte til lag, organisasjonar og frivillige samt eit mangfaldig og inkluderande tilbod som møter alle sine behov.

Lokaldemokratiet

Ei aktiv og deltakande befolkning er grunnlaget for eit godt folkestyre og eit levende lokaldemokrati. Deltaking i politiske parti, idrettslag, velforeiningar eller frivillige lag og organisasjonar er grunnlaget for at lokalsamfunnet skal blomstra. Det viser seg vanskelegare å motivera og engasjera innbyggjarar til aktiv politisk deltaking. Eit aktivt og levande lokaldemokrati treng reell makt over lokal utvikling. Sterk byråkratisering og statleggjing har tatt avgjerdsmakta frå lokaldemokratiet. For å rekruttere folk til politisk arbeid i framtida er det ein føresetnad at ein opplever reell innflytelse på samfunnsutviklinga.

Kommunen som tilretteleggjar

Kommunen har ei viktig rolle som samfunnsutviklar. Dei mest berekraftige tiltaka er gjerne dei som vert initiert utanfor kommune-organisasjonen. På grunn av avgrensa økonomisk handlingsrom må kommunen si rolle i samfunnsutviklinga dreia seg meir mot å leggja til rette for vekst gjennom å vera ein konstruktiv rådgjevar, døropnar og lobbyist mot andre styresmakter, og allianseskapar gjennom å sørge for gode møteplassar og arenaer for kompetanseheving.

Vidaregåande skular

Det er ein styrke for lokalsamfunnet at ungdomen har eit godt skuletilbod lokalt heilt til dei er 18/19 år og kan bu heime i tenåra. I dag har kommunen tre vidaregåande skular og ein kunstskule. Det er i Hordaland fylkesting gjort vedtak om at dei to offentlege vidaregåande skulane i Kvam, Norheimsund og Øystese vidaregåande skular, skal slåast saman og samlokalisert. Det er viktig for Kvam sitt næringsliv, Kvam si befolkning og Kvam sine tettstadar at me får behalda dei vidaregåande skulane.

Arbeidet med lokalisering og utforming av den vidaregåande skulen Kvam er i gang, og vil vera ein viktig del av den vidare tettstadutvikling i Norheimsund. Ei snarleg satsing på ny vidaregåande skule i Kvam vil ha mange positive sider med seg, med tanke å behalda ungdommar i kommunen, oppretthalda den yrkesretta utdanninga i kommunen og byggja opp omkring tiltrengte kompetansearbeidsplassar.

Kunnskap- og kompetansedeling i næringslivet

Eit kunnskapsbasert næringsliv handlar om vekst gjennom samskaping mellom verksemdar og kunnskapsaktørar, menneske, lag og organisasjonar, bransjar, bygder, kommunar og regionar der marknads- og brukarbehov set premissar for kunnskapsutvikling. Vidare må kunnskapen omdannast til produkt, tenester og prosessar som leier til lønnsam vekst for verksemdene som er involvert, og til auka verdiskaping for heile samfunnet. Det skjer kunnskapsdriven innovasjon i alle næringar.

Kunnskapsbasert næringsutvikling handlar derfor vel så mykje om å auka

kunnskapsinnhaldet i det noverande næringslivet, som å omstilla til nye næringar. Det er nødvendig å kunne omsetja forskingsresultat og ny teknologi i produkt så raskt som mogeleg. Det krev tette koplingar mellom verksemder og forskingsmiljø. Kvam herad kan vera ein viktig bidragsytar for å få til denne koplinga.

Opplivingsøkonomien

Kvam er ein «inngangsportal» til folk som ynskjer å oppleve merkevara Hardanger, ei merkevara som må vidareutviklast i samarbeid med resten av Hardanger. Det skal spesielt satsast på vitjande gjester og andre som ynskjer om unike opplevingar, dei skal oppleve noko unikt når dei kjem til Kvam.

Kvam sitt varierte næringsliv med

jordbruk, industri og handel kopla med eit rikt kultur- og organisasjonsliv gjev eit mangfaldig og levande samfunn. I tillegg

har Kvam allereie mange gode tilbod som vakker natur, gode turmoglegheiter, eit stort skiløypenett både på Kvamskogen, Haukås og Sjusete og mange andre aktivitetar. Desse kan me vidareutvikla til å bli enda betre og skapa nye spennande opplevingar i Kvam som gjer avkastning og arbeidsplassar. Kvam har i dag få arbeidsplassar innan opplevingar sett opp mot tal på innbyggjarar, så her er det eit potensial for å veksa. Vekst og opplevingar kan skje gjennom samskaping mellom menneske, lag og organisasjonar, verksemder, bransjar, bygder, kommune og regionar.

For å få til dette må fleire besøksnæringar samarbeide slik at besøkande får ei breidde i tilboda og ein må ha innbyggjarar som må våge å satse midlar og tid på gode idear. Me må kombinere



opplevingane med allereie eksisterande næring i Kvam og dra nytte av dei attraksjonar som elles finst i nabokommunar og i Hardanger.

Verdiskaping igjennom samarbeid	
Overordna mål	
I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane, kunnskapen, møteplassane, det frivillige arbeidet, kulturtilboda og lokaldemokratiet	
Slik vil me ha det	Slik gjer me det
<p>Entreprenørskap</p> <p>I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane som kan få fram nye idéar, nye produkt, nye verksemder og verdiskaping til beste for samfunnet.</p>	<p>I Kvam skal me etablera nye og ta vare på gamle møteplassar for samarbeid og nytenkjing.</p>
<p>Møteplassar</p> <p>I Kvam vil me ha eit mangfald av arenaer innafor kultur, idrett og det frivillige lagslivet.</p>	<p>I Kvam skal me støtta opp om og leggja til rette for at det frivillige lagslivet kan styrkjast og vidareutviklast til beste for alle innbyggjarane</p>
<p>Frivilligheit og kommunen</p> <p>I Kvam vil me dyrka fellesskapet mellom kommunen og det frivillige for å leggja til rette for folk sin trivsel og helse.</p>	<p>I Kvam skal me leggja tilhøva til rette slik at frivillig sektor får gode levekår og utviklar seg på eigne premissar</p>
<p>Breidde og mangfald i kulturlivet</p> <p>I Kvam vil me ha breidde og mangfald i kulturtilbodet.</p>	<p>I Kvam skal me støtte opp om lag organisasjonar, og frivillige og inkluderande tilbod som møter alle sine behov</p>
<p>Lokaldemokratiet</p> <p>I Kvam vil me ha ei aktiv og deltakande befolkning</p>	<p>I Kvam skal me leggja til rette for at dei folkevale har reell innflytelse på samfunnsutviklinga</p>
<p>Vidaregåande skular</p> <p>I Kvam vil me ha eit godt skuletilbod for ungdommar opp til 19 år</p>	<p>I Kvam skal me i lag med Hordaland fylkeskommune leggja til rette for ein sentrumsnær og framtidsretta skule i Norheimsund.</p>

<p>Kunnskap- og kompetansedeling i næringslivet</p> <p>I Kvam vil me satsa på kunnskap og kompetanse i næringslivet.</p>	<p>Kvam herad skal i samarbeid med næringslivet arbeida for koplingar i mellom Kvam herad, lokale verksemder og forskningsmiljø.</p>
<p>Opplevingsøkonomien</p> <p>I Kvam vil me få på plass heilårs aktivitetstilbod som tek utgangspunkt i fjord, fjell og vatn.</p>	<p>I Kvam skal me profesjonalisere oss som opplevingskommune</p>

LIVSKVALITET

Utfordringar og moglegheiter

Ein kan skilja mellom livskvalitet på individuelt og samfunnsnivå, og det er hovudsakleg samfunnsmessig livskvalitet som er omtala i kommuneplanen. Kultur og frivilligheit har stor tyding for lukka og livskvalitet både for den einskilde som deltek i kultur og frivilligheit, men i endå større grad for kvaliteten på eit samfunn. På samfunnsnivå synest det likevel ikkje tvil om at kultur og frivilligheit utgjer svært viktige område for lukkenivået og livskvaliteten i eit samfunn. I nokre samanhengar blir det sett som både årsak og verknad for kvaliteten i eit samfunn. Lukkeforskinga identifiserer «lukkelege samfunn» som demokratiske, tillitsfulle, stabile, inkluderande og samfunn med ei desentralisert styresmakt. Det å leva i slike samfunn er dei viktigaste føresetnadane for enkeltindivid sin livskvalitet. Ein stor frivillig sektor skaper tillitsfulle samfunn, og tillitsfulle samfunn har stor frivillig sektor. Også aktivitet, arbeid, fellesskap og fysiske og psykososiale miljø er med på å skapa livskvalitet i eit samfunn.

Potensialet som ligg i frivillig sektor

Det blir forventa eit auka tal eldre og einslegbuande i Kvam. Einsemd og sosial isolasjon medfører ofte tap av helse. Derfor er det viktig å redusera denne helseisikoen. Helse og- omsorgstenestene til kommunen kan ikkje erstatta det sosiale kontaktbehovet. Frivillig innsats vil her vera ein viktig bidragsytar.

Frivilligheit og dugnadsinnsats er eit fundament i lokalsamfunnet, og gjennom sosiale nettverk og dialog vert det skapt identitet og fellesskapskjensla.

Gjennom eige engasjement har me høve for å delta i og påvirka avgjerdsprosessar,



og dermed vidareutvikla blant anna basisfunksjonar, kulturaktivitet, rekreasjons- og aktivitetsområde der me bur.

Teknologi og nye arbeidsmetodar i helse- og omsorgstenestene

Ulike scenario skisserer at behovet for helse- og omsorgstenester er aukande i framtida, utan at dette kan dekkjast av tilstrekkeleg tal helsepersonell. Ved å ta i bruk moglegheitene som nye arbeidsmetodar og ny teknologi gjev, kan kommunen utvikla endå meir effektive tenester. Til dømes velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering gjev den enkelte større råvedelde over eige liv. Omsorgsplanen skal viser veg på dette feltet.

Arbeid og aktivitetstilbod

Arbeid er eit anna grunnleggjande levekårsgode, og også ein premiss for ei vellukka integrering. Kommunen treng ein strategi for å tilretteleggja for arbeids- og aktivitetstilbod som er meiningsfylte og som fører til verdiskaping for samfunnet. Krava i arbeidslivet til kompetanse og effektivitet, kan medføra at store grupper fell utanfor. For mottakarane til sosialhjelp motiverer økonomisk sosialhjelp i liten grad til eigeninnsats, og kan i sin yttarste konsekvens verka klientifiserande og lite helsefremjande.

Introduksjonsordninga er det viktigaste verkemiddelet for kvalifisering av nyankomne flyktningar og familien deira. I Kvam er det berre 25% av deltakarane på Introduksjonsordningen som kjem ut i arbeid etter gjennomført program. Landsgjennomsnittet er på 47 %.

Mangel på fysisk aktivitet hjå befolkninga

Gjennomsnittsnordmannen er i dag langt mindre aktiv enn Helsedirektoratet si

tilråding om minimum 150 minutt moderat aktivitet per veke for vaksne og 60 minutt dagleg moderat aktivitet for unge. Regjeringa si folkehelsemelding seier følgjande: "Nordmenn har generelt god helse, men me står no overfor nye utfordringar. Globale trendar, som me også ser i Noreg, viser ein utvikling med aukande overvekt og fedme, livsstilssjukdomar og psykiske problem. Dette kan få avgjerande tyding for befolkninga sin helsa framover." Auka aktivitet er ein viktig faktor for å motverka denne utviklinga. Me har difor valt å ha folkehelse som eit av dei grunnleggjande føresetnadane for planen.

Meistring gjev livskvalitet

Behovet for ressurskrevjande tenester som spesialundervisning, barnevern, sosialstønad, rehabilitering og institusjonsplassar er i sterk vekst i kommunen. Meistring handlar om at menneske opplever at dei er i stand til å ta kontroll over eige liv og situasjon, inkluderte korleis folk møter problem, stress og utfordringar i kvardagen. Meistring avheng av menneska si tru på at dei får til noko, kunnskapen og evna deira, og kva andre ressursar dei har til rådvedelde for å takla kvardagens krav. Det er difor viktig at me styrkjer vilkår som gjer det mogeleg for folk å ta kontroll over liva sine. Ei robust befolkning med god meistringsevne reduserer også behovet for offentlege hjelpetenester.

Barnehage

Om lag 90% av alle barn som har rett til barnehageplass nyttar seg av tilbodet. Barnehagen er ein naturleg arena for sosialisering, integrering og læring for alle

barn, og retten til barnehageplass gjev det også enklare for alle som ynskjer det å delta i arbeidslivet. Kvam herad byggjer i perioden 2015-2016 fire nye barnehagar og vil etter ferdigstilling ha landets mest moderne barnehagebygg. Barnehagane er bygd for å gje moglegheiter for fleksibel og framtidsretta drift. Rekruttering av kvalifisert arbeidskraft kjem til å vera ei utfordring i sektoren.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggja på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane. Barna skal få utfalda skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Barna skal utvikla grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremja demokrati og likestilling og motarbeida alle former for diskriminering.

Sektorisering

Auka sektorisering i samfunnet kan utgjera ein trussel for utvikling, måloppnåing eller tenestekvalitet. Sektorisering betyr å dela opp ein heilskap i delar. Dette skjer gjerne

fordi spesialiseringa aukar då området har blitt meir og meir komplisert og dette krev auka arbeidsdeling. Ein annan årsak er at talet på sektorar og områder rett og slett aukar. For ein kommune ser ein dette ved at fleire og fleire ansvarsområde kjem til, i samfunnet elles til dømes gjennom at nye trendar og interesser fører til nye organisasjonar.

Det er ikkje sektoriseringa i seg sjølv som er eit problem men det kan oppstå



problem i kjølvatnet av sektoriseringa då sektorar gjerne har ein tendens til å bli ei sjølvforsterkande eining med eigne mål, språk og møteplassar, og det utviklar seg ein «oss og dei» kultur. Dette kan føra til manglande heilskapstenking, samarbeids- og samordningsproblem. For kommunen som samfunnsutviklar kan dette føra til øydeleggjande konflikhtar som ikkje let seg løyse konstruktivt gjennom samlande prosessar. For kommunen som tenesteytar kan sektorisering føra til at tenestemottakarar opplever at kommunen yter dårleg koordinerte tenester eller fråskriv eige ansvar og skuldar på andre sektorar. Kommunen har ei viktig rolle i å jobbe heilskapleg og å unngå sektorisering både i samfunnet og internt i organisasjonen.

Livskvalitet	
<p>Overordna mål</p> <p>I Kvam skal me arbeida for at dei som bur i kommunen skal oppleva høg livskvalitet og at samfunnet vårt vert opplevd på same vis.</p>	
Slik vil me ha det	Slik gjer me det
<p>Frvillig sektor</p> <p>I Kvam vil me ha frvilligheit og dugnadsinnsats som eit viktig fundament i lokalsamfunnet.</p>	<p>I Kvam skal me støtta opp om eldsjeler og dei som driv fram det frivillige lags- og organisasjonslivet.</p>
<p>Arbeid - og aktivitetstilbod</p> <p>I Kvam vil me at alle skal komme seg ut i arbeid</p>	<p>I Kvam skal kommunen og næringslivet samarbeide, for å få alle ut i arbeid</p>
<p>Fysisk aktivitet hjå befolkninga</p> <p>I Kvam vil me at alle skal vere litt meir i fysisk aktivitet.</p>	<p>I Kvam skal alle tiltak leggjast til rette for meir fysisk aktivitet for einskildmennesket.</p>
<p>Barnehage</p> <p>I Kvam vil me barnehagar som skal vera ein god arena for sosialisering, integrering og læring.</p>	<p>I Kvam skal det leggjast til rette for eit godt læringsmiljø som fremmar integrering og sosialisering.</p>
<p>Tverrfagleg samarbeid</p> <p>I Kvam vil me ha eit samfunn tufta på toleranse og samarbeid</p>	<p>I Kvam skal me oppmuntra til og leggja til rette for møteplassar som fremmar samarbeid.</p>
<p>Samfunnstryggleik</p> <p>Kvam skal ha eit trygt samfunn som er førebudd på uventa hendingar slik at menneske, miljø og materielle verdiar er tilstrekkeleg sikra mot fare</p>	<p>Gjennomføra gode risiko- og sårbarheitsanalysar med gode kunnskapsgrunnlag.</p> <p>Kontinuerleg fokus på førebyggjande tiltak.</p> <p>Gjennomføra faste øvingar der offentlege og private aktørar samarbeider</p>

5.0 AREALSTRATEGIAR

Senterstruktur

Kvam herad ynskjer å få tydeleggjort sin eigen senterstruktur, og arealforvaltninga rundt tettstadane. Areal og transport skal sjåast i ein samanheng, der eksisterande gang- og

sykkelvegssystem skal nyttast slik dei ligg i dag eller utbetrast. Utviklinga skal føregå langs med desse aksane. Det skal arbeidast ut i frå tankegangen om universell utforming og tilrettelegging for kollektivtransport.

Viktige kriterie som skal leggjast til grunn:

- areal til bustad nær kommunen sine sentra skal ha tett utnytting i gangavstand. (gangavstand vert vurdert etter storleik på senteret)
- utnytta eksisterande infrastruktur innanfor veg, vatn og kloakk
- fortetta inn i mot sentra
- ålmenta skal ha tilgjenge til strandsonen
- sikra livskraftige sentra med private og offentlege tenester
- etablering av gode møteplassar for alle aldersgrupper

Kommune og regionsenter

Norheimsund

1. Offentleg og privat tenesteyting samt detaljhandel skal lokalisrast i sentrum eller innanfor 10-minutt gåavstand frå sentrum. Bustadbygging i same område skal ha høg arealutnytting.

2. Einebustader kan berre byggjast utanfor sentrum og utanfor området definert som 10-minutt gåavstand. Dei områda som ligg innanfor 20-minutt sykkelavstand frå sentrum vert rekna som særleg gode område for bustadbygging. Innafor området skal det byggjast vidare på eksisterande infrastruktur, på noverande gang- og sykkelvegssystem og etablerte bustadområde.

3. Ålmenta skal sikrast tilgang til strandsonen og større samanhengande grøntområde når reguleringsplanar vert utarbeidd.

Lokalsenter

Øystese

4. Offentleg og privat tenesteyting samt detaljhandel skal lokalisrast i sentrum eller innanfor 10-minutt gåavstand frå sentrum. Bustadbygging i same område skal ha høg arealutnytting.

5. Einebustader kan berre byggjast utanfor sentrum og utanfor området definert som 10 minutt gåavstand. Dei områda som ligg innanfor 20 minutt sykkelavstand frå sentrum vert rekna som særleg gode område for bustadbygging. Innafor området skal det byggjast vidare på eksisterande infrastruktur, på noverande gang- og sykkelvegssystem og etablerte bustadområde.

6. Ålmenta skal sikrast tilgang til strandsonen og større samanhengande grøntområde når reguleringsplanar vert utarbeidd.

Strandebarm/Tangerås – Ålvik

7. Lokalsenter er område med funksjonar knytt til daglege gjeremål, både private og offentlege.

8. Utbygging skal konsentrerast innanfor 10-minutt gåavstand frå sentrum. I lokalsenter kan det vere både einbustader og tett utnytting.

9. Lokalsentra må byggja vidare på eksisterande infrastruktur for veg, VA, gang- og sykkelveg. Utbygging skal skje som utviding av eksisterande bustadområde.

Nærsenter

Tørvikbygd

10. Nærsenter er område med funksjonar knytt til daglege gjeremål, både private og offentlege.

11. Utbygging skal konsentrerast innanfor 10-minutt gåavstand frå sentrum. I lokalsenter kan det vere både einbustader og tett utnytting.

12. Lokalsentra må byggja vidare på eksisterande infrastruktur for veg, VA, gang- og sykkelveg. Utbygging skal skje som utviding av eksisterande bustadområde.

Utnytting av LNF-område

Kvam herad er ein mangfaldig og langstrakt kommune, der moglegheitene er store for vekst og berekraftig utvikling. For å utnytte naturessursane på kvart einskild bruk til beste for grunneigar og kommunen, er det ynskjeleg at moglegheitene for nye næringar, gardsturisme, opplevingar og utvikling av utmarksnæringar skal vera ein premiss i kommunen sitt arealplanarbeid i denne revisjonen. Moglegheitene i ny plan- og bygningslov skal leggjast til grunn.

Viktige kriterie som skal leggjast til grunn

- eksisterande busetnad i LNF-område skal visa som spreidd busetnad med føresegner som gjer det lettare med påbygg, tilbygg med meir i desse områda

- tradisjonelt landbruk skal ha høg prioritering i område vist som LNF-I

- viktige friluftskorridorar skal visast som LNF-f område

Tema for industri- og næringsareal skal også omfatte moglegheiter for å utvikla område med sand og steinressursar.

Viktige kriterium som skal leggjast til grunn

- utnyttede eksisterande infrastruktur
- ta omsyn til eksisterande bustadområde

- vurderer utvidingsareal for eksisterande verksemdar

13. Jordvernet skal stå særskilt sterkt i Inf-I område

14. Det skal opnast opp for nye stadbundne næringar knytt til garden sitt ressursgrunnlag, som gardsturisme, opplevingar og utvikling av utmarksnæringar.

15. I område som ikkje er omfatta av regulerte bustadfelt skal det leggjast til rette for spreidd bustadbygging langs med eksisterande infrastruktur og busetnad.

16. Eksisterande busetnad i LNF-område skal visa som spreidd busetnad med føresegner som gjer det lettare med påbygg, tilbygg med meir i desse områda

Industri og næringsareal

Kvam herad har pr. dags dato ulik moglegheit for industri- og næringsareal i store delar av kommunen. Tema for industri- og næringsareal skal også omfatte moglegheiter

for å utvikla område med sand og steinressursar.

Viktige kriterie som skal leggjast til grunn

- utnytte eksisterande infrastruktur
- ta omsyn til eksisterande bustadområde
- vurdere utvidingsareal for eksisterande verksemder

Tema for industri- og næringsareal skal også omfatte moglegheiter for å utvikle område med sand og steinressursar, og andre stadbundne ressursar.

Viktige kriterie som skal leggjast til grunn

- utnytte eksisterande infrastruktur
- ta omsyn til eksisterande bustadområde
- vurdere utvidingsareal for eksisterande verksemder

17. Nye næringsareal til industri og anlegg med meir, skal leggjast til eksisterande næringsområde i utkanten av sentrum.

18. Plasskrevjande næringar skal lokaliserast i utkanten av sentrum og langs med Fv -7 eller Fv 49 eller Fv 48. Næringar basert på stadbundne ressursar kan lokaliserast i område der desse høyrer naturleg til.

19. Detaljhandel skal liggje i sentrum

Funksjonell strandsone

Kvam herad har i dag ei lang strandline langs med fjorden, som strekkjer seg i frå Kjepso til Gravdal. Arealet er svært verdfullt både for bustad, tettstadsutvikling, næring, fritid, rekreasjon og friluftsliv. Områda skal forvaltast slik at det er mogleg med både vekst og berekraftig utvikling, i revisjonen av kommuneplanen.

I fylkesplan 2005-2008 er funksjonell strandsone definert som;

”Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet”.

Viktig kriterium som skal leggjast til grunn

- I den funksjonelle strandsonen skal område som er egna til rekreasjon og friluftsliv sikrast mot utbygging

20. Område som er knytt saman med gang- og sykkelveg mellom Vikøy og Laupsa, skal utviklast til attraktive bu-og rekreasjonsområde langs med sjøen.

21. Fortetting skal skje i noverande bebygde område, utanfor den funksjonelle strandsonen.

22. I den funksjonelle strandsonen skal område som er egna til rekreasjon og friluftsliv sikrast mot utbygging

Område for akvakultur

I frå slutten av 1980-talet/byrjinga av 1990-talet har kommunen drive med planleggjing i fjorden for å leggja til rette areal for fisk og skaldyr. Lokaliseringa for laks og sjøaure var basert på lune vikar, med små anlegg, relativt tett opp i mot land. Noko som og kunne føra til konflikter med både busetnad, rekreasjon og friluftsliv. Anlegga i dag er større, teknologien er endra og økonomien er betra. Samstundes har mange av lokalitetane vorte liggjande i dei samme områda i kommuneplanen, tett opp i mot land.

Oppdrettsnæringa har og skal fortsatt vera ei viktig næring i fjorden, skal dette vera mogleg, må forvaltninga vera bærekraftig og

lokalitetane må tilpassast nye krav til teknologi og volum. Ny plan må leggja til grunn nye krav til lokalisering. Dette bør og omfatta lokalitetar på land og nødvendige areal til kaianlegg, administrasjon med meir.

23. Eksisterande lokalitetar skal gjevast moglegheit til å flytta frå område ved land, og ut i open fjord

24. Nyetablering av lokalitetar skal skje i meir open fjord

25. Eksisterande område for akvakultur som ikkje er i bruk, skal takast ut av planen.

Gjennomgang av gamle reguleringsplanar

Gjennomgang av gamle reguleringsplanar, med bustadføre mål, viser at det ikkje samsvar mellom storleik på bustadane og utnyttingsgrad. I revisjon av planen må det gjerast eit arbeid for å sjå på kva moglegheiter som finst for at dei gamle planane tilfredsstillar noverande krav til utnytting. I det vidare arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, skal det arbeidast med å endra føresegnene i planen, slik at det er mogleg få til endra utnytting i eldre reguleringsplanar.

26. Utnyttingsgraden i eldre reguleringsplanar skal endrast i overordna kommuneplan, så langt som det let seg gjera utan å gå vegen om reguleringsendring

Veg til Tolomarka

Ny veg til Tolomarka skal inn i planen, og vert vurdert med utgangspunkt i at den skal vera tilkomst både for bustad, næring og rekreasjon. Tidlegare har det vore sett på løysingar både i frå Norheimsund, Øystese og

Skipadalen. Løysingane og trongen til ny veg må vurderast på nytt. Fylkeskommunen som vegeigar må også trekkjast inn i arbeidet.

Viktige kriterie som skal leggjast til grunn

- trafikkikker løysing for dei som bur med og ferdast langs med vegen
- høg kost/nytte effekt på vegen

27. Veg til Tolomarka må ha tilstrekkeleg standard for å ivareta trygg tilkomst til eksisterande bustader, med meir og framtidig utvikling, vegen skal ha høg kost/nytteeffekt

Hardangertunnelen

I planstrategien for Kvam herad er det vist til at Kvam er del av den framtidige bu- og arbeidsmarknadsregionen Bergen og omegn. Tunnel under Kvamskogen vil vera eit viktig tiltak for å gjera regionen lettare og raskare tilgjengeleg både for folk og næringsliv i Kvam. Kommunen har tidlegare gjort vedtak om at Hardangertunnelen må planleggjast og byggjast som ein viktig del av kommunen sitt strategiske arbeid for å få til vekst og utvikling.

28. Tunneltraséen skal visast i kommuneplanen sin arealdel

Massedeponi

Det er planlagt tunnelar, kraftverk med meir i den komande planperioden, der det vil verta gjort tilgjengeleg mykje steinmassar. Kvam herad har i denne planperioden gode erfaringar med bruk av massar til samfunnsnyttige prosjekt. Dette må også vera eit mål med kommuneplanarbeidet i komande planperiode.

Viktig kriterium som skal leggjast til grunn.

- samfunnsnyttige prosjekt for kommunen
29. Overskotsmassar frå utbyggingsprosjekt skal nyttast til samfunnsnyttige tiltak
30. Matjord skal takast vare på

- Regional plan for attraktive senter i Hordaland –senterstruktur, tenester og handel
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030
- Hordaland i tal –fylkesstatistikk

Kommunale planar

- Kommunal planstrategi for Kvam herad - 2012-2015
- Kommuneplan 2013-2024. Planprogram
- Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Kvam herad 2015 – 2019
- Kommunedelplan for næring og kompetanse 2015 – 2023
- Helse- og omsorgsplan 2015 – 2025
- Strategiplan for integrering
- Energi- og klimaplan 2012 - 2015

6.0 VIKTIGE PLANAR OG DOKUMENT FOR KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

Nasjonale føringar og dokument

- T-1497 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2011)
- T-1492, Kommuneplanen – samfunnsdelen – handlingsdelen

Regionale planar

- Regional transportplan for Hordaland (RTP) 2013 – 2024
- Regional næringsplan 2013 – 2017
- Regional planstrategi for Hordaland 2012 – 2016

HST- 064/15VEDTAK:

Kvam herad godkjenner med heime i plan- og bygningslova, jf §§ 11-15 kommuneplanen sin samfunnsdel for perioden 2015 – 2030, jf rådmannen «Kommuneplanen sin samfunndel 2015-2030», dagsett den 18.09.2015

Endring i plandokumentet under punktet vedk. Kvamskogtunellen (Traseen austover E 134 Haukelitraseen via Kvam) Endre teksten frå ... via Kvam til .. via Norheimsund.

